

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for oppvekst og omsorg
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 01.10.03 **Tid:** 14.30

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte 6 , inkl. varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Heidi Fossdal

I staden møtte:

Andre som var tilstade på møtet:

Assisterande administrasjonssjef

Pedagogisk konsulent og barnehagekonsulent møtte ved handsaming av sak 28 /03, administrasjonssjefen under sak 27/03

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 6. oktober 2003

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og saklista vart samrøystes godkjend. Der sak 28/03 vart handsama først.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen frå førre møtet vart samrøystes godkjend.

UTVALET SITT KVARTER:**MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:**

Administrasjonen orienterte om arbeidet til Fortunen Arkitekter as. som viser ulike alternataive løysingar for utbygging av skular og barnehagar og svømmebasseng i kommunen. Det vart og orientert om vedtak i personal- og økonomiutvalet om at arbeidsgruppa som er sett til å arbeida med skulestruktur m.m. skal halda fram arbeidet sitt.

Utvalet vart utfordra til å kome med forslag på kandidat til frivillighetsprisen 2003 i løpet av veka.

Utvalet slutta seg til søknad til Statens Vegvesen om gangfelt på Ådland.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0027/03	03/00261 PSYKIATRIPLAN 2004 - 2007
0028/03	03/00304 GRUNNOPPLÆRING FOR ALLE NOU 2003:16. UTTALE FRÅ SAMNANGER KOMMUNE

0027/03

PSYKIATRIPLAN 2004 - 2007**Handsaming i møte:**

Utvalet drøfta saka. Det var semje om at det var viktig med god fagkompetanse innan dette saksområdet, og det vart derfor bestemt at det skulle opprettast stilling for psykiatrisk sjukepleiar i staden for psykiatrisk hjelpepleiar. Sidan det medfører ein høgare kostnad, var det naudsynt å redusera på utgiftene til ein del andre tiltak. Utvalet var også oppteken av at både denne stillinga og stillinga som psykolog måtte i størst mogleg grad prioriterast mot direkte "klientarbeid".

Vedtak:

Framlegg til psykiatriplan for Samnanger kommune for 2004 - 2007 vert vedteken slik han ligg føre med endringar i handlingsplanen slik dei kjem fram i vedlegg dagsett 01.10.03.

0028/03

GRUNNOPPLÆRING FOR ALLE NOU 2003:16.**UTTALE FRÅ SAMNANGER KOMMUNE****Handsaming i møte:**

Utvalet fekk ei kort orientering om hovudtrekka i kvalitetsutvalet si innstilling. Utvalet drøfta utvalet si innstilling og gjev kun uttale dei punkta dei var usamd med kvalitetsutvalet si innstilling.

Vedtak:

Høyringsutkastet til kvalitetsutvalet si innstilling: NOU 2003: 16 "I første rekke, forsterket kvalitet i en grunnopplæring for alle" har vore til høring på leiarmøtet for skule- og barnehageleiarane og til endeleg vedtak i møte for utval for oppvekst og omsorg.

Utval for oppvekst og omsorg vedtok som sak 0028/03 på møtet 01.10.03 følgjande høyringsuttale:

- **Basiskompetanse; organisering av basisgrupper:**

Utvalet stiller seg positiv til forslaget om lovendring som fjernar det tradisjonelle klasseomgrepet.

Alle elevane skal tilhøyra ei basisgruppe der storleiken på gruppa står i forhold til talet på lærarar og elevar ved skulen. Det vert høveleg lærartettleik når gruppa ikkje vert større enn 12 elevar. Samansetninga bør spegla att mangfaldet i elevgruppa. Me meiner at basisgruppa kan sikra den einskilde elev ein individuelt tilpassa oppfølging. Det er positivt at ein spesiell lærar, kontaktlærar, har ansvar for basisgruppa

- **Tilpassa opplæring for alle. Spesialundervisning.**

Samnanger kommune er einig i at kravet om tilpassa opplæring for alle etter det som er bestemt i opplæringslova vert forsterka (§1-2)

Me er delt i synet på at det som no er bestemt i opplæringslova om spesialundervisning må gå ut; Somme i utvalet vil framleis ha § 5 i opplæringslova; (§5-1) som handlar om retten for einskilde elevar til spesialund; (§5-3) sakkunnig vurdering og (§5-5) individuell opplæringsplan/IOP.

Somme meiner det kan bli eit press på enkelte foreldre til å skaffa ei medisinsk diagnose dersom berre elevar/lærlingar som har ein individuell plan ut frå det som er bestemt i helselovgevinga, skal få enkeltvedtak som avvik frå gjeldande læreplan.

Det må vera klåre kriteria for tildeling av ressursar til tilpassa opplæring i skulen.

- **Lovfesta barnehagetilbod. Gratis kjernetid.**

Samnanger kommune meiner at alle barn skal ha ein lovfesta rett til heildagsbarnehage tilbod der alle barn får **gratis kjernetid** frå det året barnet fyller 5 år. Me vil at barnehagen skal vera ein del av livslang læring (ein del av utdanningssystemet) og at ansvaret vert flytta til utdannings- og forskningsdepartementet. Overgangen til skulen må bli styrka. Me er i mot **fleksibel** skulestart.

- **Vurderingssystem**

Samnanger kommune ser positivt på at avgangsprøven vert avvikla og at nasjonale prøver vert innførte. Me meiner mappevurdering er eit godt vurderingssystem og det er nødvendig med kompetansebaserte vurderingskriterier. Det er positivt med den internasjonale karakterskala A- F. Endringa frå elevsamtale til utviklingssamtale kan gje ei positiv vinkling, sameleis føring av fram møte på opplæringsarena. I staden for føring av fråver.